

Audun Eik attvaled som leiar i Kvinnherad Sogelag.

20.09.2020



Audun Eik held fram som leiar i Kvinnherad Sogelag.

Audun Eik frå Uskedalen vart på årsmøte i Kvinnherad Sogelag attvaled som leiar. Med seg i styret har han: Lars Jostein Røyrvik, Rita Martens Meyer, Borgny Særstein, Egil Steinar Tofte, Frøydis Fjellhaugen og Margun Malmanger. Ny varamedlem: Astrid Haugse. Frå årsmeldinga 2019 tek vi med:

Årsmøtet 2019 vart halde i Gamleskulen i Uskedalen den 27. april 2019. Det var ca. 50 personar til stades og stort sett heile kommunen var representert. Møtet vart avvikla i samsvar med vedtekten. Årsmelding og rekneskap var sendt medlemene på førehand og det var ingen merknad.

Årspengane er uendra kr. 300,- for ektefellar / sambuar, kr. 200,- for einskildmedlemer.

Harald og Marit Hjønnevåg fortalte om bedrifta Brødrene Hjønnevåg. Før det var det bygdevandring til Haugland og innlagde besøk i Vonheim og Haugland skulemuseum.

Det vart illustrert ein skuledag i gamle dagar, lærar var Kristian Bringedal, det vart og illustrert eit ungdomslagsmøte i forsamlingshuset på Haugland, her var Bjørgulf Eik møteleiar. Det vart og fortalt historia til dette huset som først var oppsett for jordbrukskulen i Sandvika, vart så skulehus i Uskedalen, så ungdomshus i Uskedalen før det vart flytta til Haugland.

Laget har ei undergruppe «KRIGS HISTORISK GRUPPE» som også i år har arbeid godt. Gruppa består av Lars Jostein og Trond Ramsøy. Gruppa legg fram eiga melding.

Kari Haugsbakk har hjelpt til med heimesida vår, men sida har diverre lege nede det meste av året. www.kvinnheradsogelag.no

Aktivitetar: Laget har hatt 3. styremøte og handsama 24 saker. Det viktigaste arbeidet også i år har vore

«Kvinnhersminne» bok nr. XIX. Styret er skriftnemnd. Tema var I leik og alvor med tilsaman 18 artiklar. Hefte sel godt.

Ei gruppe i Sogelaget jobbar med stadnamn, retting og digitalisering av stadnamn i heile kommunen. Sogelaget er løyvd kr. 30.000,- frå Landslaget for filmprosjekt, eit tiltak Merethe Offerdal Tveit står for i samarbeid med skulane.



Bilete er frå årsmøte 2019 med samling i Vonheim der Bjørgulf Eik leia eit ungdomslagsmøte slik det var i den frilynde ungdomsrørsla på 1960 talet. [Lars Jostein Rørvik](#) er skrivars.

Økonomien i laget er god. Pr. 31.12.2019 hadde Sogelaget kr. 198.058,- på konto. Det er nokre tusen kroner lågare enn året før.

Uskedalen.no kjem tilbake med bilete av det nye styret.

Tekst//nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto



Lars Jostein Rørvik er skriftstyrar for sogeskrifte Kvinnhersminne.